

1.1 Merknadar og innspel til varsel om oppstart

I samband med varsel om oppstart av planarbeidet er det til saman kome inn 16 merknadar. Ti frå offentlege instansar og seks frå private. Sundet Utvikling AS og ordføraren fekk fristen utsett. Under følgjer eit samandrag av merknadane med kommentar frå tiltakshavar.

Nr.	Frå	Innspel og merknader	Kommentarar
Innspel frå offentlege høyringspartar			
1	NGIR, v/Henrik O. Kjøpstad 16.01.2017	<ul style="list-style-type: none"> Opplyser om at kvart hushald i Meland kommune har rett til å kunna setja fram opptil to dunkar til levering av avfall kvar veke. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Hentestad skal liggja i eit område som er plant og renovasjonsbilen må kunne gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestaden. 	<ul style="list-style-type: none"> SVV held kontinuerleg kontakt med NGIR for å finna optimale løysingar for renovasjon i samband med sine vegplanar.
2	Fylkesmannen i Hordaland 17.01.2017	<ul style="list-style-type: none"> 1. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Er det ikkje i samsvar med arealdelen av kommuneplanen, må kommunen vurdera planarbeidet etter forskrift om konsekvensutgreiing av planar. 2. Minner om at statlege planretningsliner skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 ledd. 3. Ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken, men vil komma med følgjande innspel til meldinga om oppstart: <ul style="list-style-type: none"> - Krav til ROS – analyse og handtering av risiko i plan. - TEK 10 skal definera kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Alle risikohøve skal markerast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av føresegne. - Vern av jordressursane er ein føresetnad for å nå målsetjingar om mattriggleik og auka matproduksjon. Visar til nasjonale forventningar om at kommunane bør trekke langsiktige grenser mellom by- 	<ul style="list-style-type: none"> • 1 og 3. Vurdering rundt konsekvensutgreiing er i samråd med Meland kommune drøfta i oppstartsmøtet. ROS-analyse vert utarbeida i samband med reguleringsplanen, og risikomatrisa legg TEK 10 til grunn. Jordvern er grundig diskutert med Meland kommune i samband med planlegging av massehandtering i planområdet. Det er utført synfaring der særleg tilhøve i omsynet til jordvern vart kartlagt. Vurdering etter naturmangfaldlova vert innarbeida i planskildringa. I tillegg utarbeidast det ein marksikringsplan. Omsynssoner er synte i plankartet. • 2. Planen fylgjer PBL og rikspolitiske retningsliner for planlegging.

		<p>og tettstادområde og store samanhengande LNF-område.</p> <p>Planlegginga må ta omsyn til desse landbruksareala.</p> <p>- Dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova.</p>	
3	Kystverket vest 19.01.2017	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Påpeiker at delar av planområdet går ut i sjø og bi-lei 2257 – Flatøyosen. • 2. Gjer merksame på at alle tiltak som kan påverke tryggleik eller framkomme i sjøområda krev løyve etter Hamne- og farvasslova frå Kystverket. Ber om at dette vert teke inn i føreseggnene. • 3. Ynskjer planen på høyring når denne føreligg. 	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Plangrensa er forventa redusert, og ein legg ikkje til grunn for planarbeidet at det vert fysiske tiltak ut i sjø. • 2. Tiltaket skal ikkje gå ut i sjø, og vil ikkje påverke framkomme eller tryggleik til sjøs. • 3. Kystverket vil få planen på høyring.
4	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Meland kommune 31.01.2017	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Forutset at gang- og sykkelvegen vert universelt utforma både med tanke på stigningstilhøve og belegg. • 2. Varslar at vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jamfør Forvaltningslova (fvl) § 28. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. 	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Ein har som mål at heile strekninga skal kunne oppnå krava til stigning for universell utforming. Belegg blir sklisikkert. • 2. SVV tek imot dette vedtaket som ein merknad til planarbeidet etter Plan- og bygningslova. Planen har ein eigen saksgong og skal til høyring og politisk handsaming hjå kommunen.
5	Norges vassdrags- og energidirektoratet 09.02.2017	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Påpeiker at ved eventuelle kryssingar av bekkane må bruer og kulvertar planleggast med tilstrekkeleg kapasitet. Opplyser om hyppigare episodar med ekstremnedbør som har og vil leie til ytterlegare skadar som følge av overvassflaumar. For alle vassdrag med nedslagsfelt mindre enn ca. 100 km² må ein rekne med minst 20 % auka flaumvassføring i løpet av dei neste 50-100 år. • 2. Opplyser om at ein høgspentleidning som er ein del av regionalnettet kryssar planområdet ved Moldeklev. • 3. Opplyser <i>og</i> om at sentral- og regionalnettlanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som treng konsesjon etter energilova er unнатake fra PBL. 	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Ein søker å finna ei løysing som minimerer inngrep i vassdrag. Alle kulvertar og røyr skal dimensjonerast for 200-årsflaum med 50 % klimapåslag. Dette vert handtert i eigen VA-rammeplan. • 2. Informasjon om kryssande leidningar vert teke med i planomtalen og føresegner der dette er naturleg. • 3. Omsynssone for høgspent vil inngå i plankartet.

		Slike større høgspenningsliner og transformatorstasjonar skal settast av som omsynssoner (PBL § 11-8 d/kode H740) i plankartet.	
6	Eldrerådet, Meland kommune 10.02.2017	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Ynskjer at grøntarealet mellom vegbane og gs- veg sløyfast, elles går det med for stort areal. • 2. Påpeiker at det er viktig å lage gode omkjøringsvegar i anleggsperioden som må vera klare til anleggsstart. 	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Val av vegstandard er gjort i samråd med vegeigar Hordaland fylkeskommune og er i tråd med Statens vegvesen sine gjeldande vegnormalar. Evt. fråvik frå standard og vurderingar av grøntarealet, anna veggrunn og anleggsgjennomføring vert vurdert i underveis i planarbeidet • 2. Dette vert vurdert underveis i planarbeidet og inngår som ein del av byggeplan.
7	Statens Vegvesen 13.02.2017	<ul style="list-style-type: none"> • 1. SVV har bestilt planarbeidet på vegne av Hordaland fylkeskommune. • 2. SVV slutar seg til målsetnadene for planarbeidet. 	<ul style="list-style-type: none"> • 1 og 2. Vert teke til orientering.
8	BKK Nett 17.02.2017	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Opplyser om at dei har etablerte nett-anlegg i kommunen og etablerer og drifter straumnettet (høgspent og lågspent fordelingsnett). Gjer merksam på at det i planområdet må takast høgde for framtidige og eksisterande anlegg det er naudsynt for BKK å etablera og drifta. • 2. Opplyser om at dei har elektriske anlegg i planområdet og legg ved kart med oversikt over desse, samt ei liste over føresetnadar for at kartet kan nyttast. • 3. Opplyser om at eksisterande 132 kV kraftleidning Seim-Meland kryssar planområdet og omhandlande fylkesveg. Denne skal ha omsynssone i plankart, jf. PBL § 12-6. • 4. Ynskjer ikkje å flytte eller kable kraftleidning. Ved ei omlegging stiller dei ei rekke krav: <ul style="list-style-type: none"> - Det må i plan settast av plass til ny trasé. - Den som krev høgspenanlegget flytta eller erstatta må bera alle kostnadars. - Ny trasé må ha rettigheiter med like gode vilkår som dei eksisterande traséane. 	<ul style="list-style-type: none"> • 1 og 4. Ein søker gjennom planarbeidet å finna optimale løysingar og vil inngå eit tett samarbeid med netteigar for val av tekniske løysingar og traséval. • 2 og 3. Vert teke til orientering.

		<ul style="list-style-type: none"> - Eventuelle nye kablar eller luftleidning som skal erstattast må ha overføringskapasitet som i dag. - Eventuelle krav om omlegging av eksisterande anlegg må meldast inn til BKK Nett i god tid før omlegging må vera ferdig utført. Omlegging kan vera tidkrevjande og med fordel takast omsyn til ved utarbeiding av føresegna og særskilt rekkefølgje for gjennomføring. - Om tiltak skal gjerast på omhandlande kraftleidning kan det verta naudsynt å stilla krav til tider på året utkopling må vera avgrensa til og lengda på utkoplinga. - Omlegging av overføringer med spenning høgare enn 24 kV fordrar at BKK Nett søker NVE om endringar. Endring fordrar mellom anna at ein finn ekstern evne og full kostnadsdekning. • 5. Innanfor planområdet har dei fleire 22 kV luftleidningar, 22 kV jordkabelanlegg og nettstasjonar. Omlegging av desse fordrar ein del omsyn: <ul style="list-style-type: none"> - Fleire av luftleidningane kryssar fylkesvegen og kan komme i konflikt med tiltaket. Dersom planen forutset omlegging av eksisterande høgspantanlegg, må det settast av plass til nye traséar for leidningar og/eller kablar og areal til nettstasjonar. - Den som krev å få eit høgspent-anlegg flytta eller lagt om må bera kostnadane sjølv. - Ynskjer ein tidleg dialog omkring moglegheita for legging av jordkabel i gang- og sykkelveg. • 6. Seier det er viktig med tidleg informasjon ved eventuelle behov for forsterkningar, endringar eller omleggingar av elektriske installasjonar. 	<ul style="list-style-type: none"> • 5. Veglys må flyttast som følgje av vegutbetring og etablering av gs- veg. Ein søker å oppnå optimale løysingar i høve til fri høgde. • 6. Vert teke til orientering
9	Formannskap i Meland kommune, ved Ordførar Øyvind H. Oddekalv 26.02.2017	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Minner om godkjend reguleringsplan frå Hatleberget til Moldekleiv og meiner vidare arbeid bør ta utgangspunkt i denne reguleringsplanen. • Har to hovudinnspel til det vidare reguleringsarbeidet: 	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Statens vegvesen har hatt eigen dialog med representantar frå formannskapet og administrasjonen undervegs i planarbeidet. Godkjend reguleringsplan har fleire

		<ul style="list-style-type: none"> • 2. Vegstandard. Meiner fleire omsyn tilseier at ein må velje ein trasé som er maksimalt 9-10 m brei. Dette sikrar omsynet til natur og kulturlandskapet langs traséen. Er kjend med at det er HFK, som avgjer vegstandard og vil ta initiativ til at dei vel ein annan vegbreidde enn det som vart presentert på folkemøte (12-13 m). • 3. Framdrift. Påpeikar at det på folkemøte vart presentert ein framdriftsplan som antyda oppstart på prosjektet 2020 og vegopning 2022. Meiner dette er ein for defensiv tidsplan då bebuarane i området har hatt ein meir eller mindre ferdigregulert vegstrekning sidan 2009. Har oppfatta at det heile tida har vore snakk om oppstart på prosjektet i 2018 og meiner dette framleis må stå ved lag. Ber om at det vert gjeve fortløpende løypemeldingar til formannskapet der det vert gjort greie for status og framdrift. 	<p>mangler og dekkjer ikkje SVV sitt behov for dette området. Det manglar mellom anna rigg og anleggsområde og 800 m av strekninga er ikkje regulert. I tillegg er vegstandarden på eksisterande reguleringsplan ikkje i høve til gjeldande vegenormalar. Dagens plan dekkjer heller ikkje behovet ved vidare utbygging i området.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 2. Ny reguleringsplan vert planlagd etter gjeldande vegenormalar, og vegstandard som skal liggje til grunn for reguleringsplanen er vald i samband med vegeigar Hordaland fylkeskommune v/Fylkesvegrådet. • 3. SVV hadde møte med Formannskapet sine representantar 15. mars 2017 der det vart informert om kvifor ein har antyda vegopning i 2022. Etter at ein reguleringsplan er vedtatt er det fleire tidkrevjande prosessar, mellom anna grunnerverv, som må på plass før igangsetjing. Formannskapet vil verta holdt løypende orientert om prosessen.
10	Meland Idrettsråd v/Bjørn Tore Hesjedal 17.01.17	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Opplyser om at Idrettsrådet sitt største idrettsanlegg ligg på Fossemyra og vil verta omfatta av denne utbygginga. • 2. Idrettsrådet er opptatt av at mjuke trafikantar skal kunne ferdast trygt på vegen til og frå skule og fritidsaktivitetar både sommar og vinter. Dette ser dei som ei forutsetning for ei stor vegutbygging i nærmiljøet. 	<ul style="list-style-type: none"> • 1 og 2. Dette er teke til etterretning. Fortau vil verta regulert som ein del av Fossekrysset. Vegen oppover mot Fosse er kommunal og inngår ikkje i dette planarbeidet.

Innspel frå private høyringspartar			
11	Sundet Utvikling AS Arne Giertsen Fekk frist utsett til 24.02.17	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Er overraska over at det er valt å sende ut varsel om ny reguleringsplan for Fv. 245 då det allereie føreligg ein godkjend reguleringsplan frå Hatleberget til Moldekleiv. • 2. Regulering av Fv. 245. I lys av at dette er eit prioritert prosjekt, samsvarar ikkje dette med den tidsplanen som vart lagt fram på folkemøte. I tillegg vil ein ny reguleringsplan medføra omfattande meirkostnadurar. Føreslår difor at ein byggjer vidare på eksisterande reguleringsplan. Påpeiker at Fossekrysset og strekninga frå Fossekrysset til Hatleberget har lågare prioritet på Nordhordlandspakken og kan utførast seinare. • 3. Vegstandard. Tirlår og føreslår å oppretthalde total vegbreidde frå godkjend reguleringsplan. Meiner behovet vil vera begrensa i mange tiår framover. • 4. Tidsplan for utviklinga. Meiner det er fleire grunnar til at det hastar med å få utbetra vegstrekninga: <ul style="list-style-type: none"> - Det har vore bygge- og deleforbod på strekninga i lengre tid, noko som er uhaldbart. - Det er naudsynt for tryggleiken. - Strekninga står på førsteplass på prioriteringslista for vegprosjekt i Meland kommune. • 5. Politiske føringer. Meland kommune er eigar av reguleringsplan for Fv. 245, og skal gjera vedtaka. Ein forventar at føringer gitt av politikarar og formannskapet vert overhalde. 	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Godkjend reguleringsplan har fleire manglar i høve til Statens vegvesen sitt behov, og dekker heller ikkje heile strekningen som no skal regulerast. • 2. Tiltaket vegutbetring, inklusive g/s-veg, skal vera frå Fosse til Moldekleiv. Fossekrysset i seg sjølv har liten innverknad på framdrifta til ny reguleringsplan. • 3. Vegstandard er i samsvar med SVV sine gjeldande vegnormalar, og val av vegstandard som skal liggje til grunn for planlegginga er gjort i samråd med veigeigar Hordaland fylkeskommune v/Fylkesrådet. Vald standard er ein utbetningsstandard, sett for å auke trafikktryggleiken for både mjuke trafikantar og motoriserte køyretøy, og med tanke på framtidig utbygging og utvikling langs hovudvegen. • 4. Formannskapet vert orientert om framdrift som i stor grad er bestemt av normal saksgang for reguleringsplanar. • 5. Formannskapet og SVV har tett dialog.
12	Åse Grøsnes og Trond Oddekalv Gnr. 26, bnr. 50 06.02.17	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Påpeiker at planen vil føra til inngrep på deira eigedom og har merknadar: • 2. Ynskjer målingar og registreringar av huset før utviding av vegen med tanke på ev. setningsskadar m.m etter sprengingsarbeid. • 3. Ynskjer ny mur på eigedommen. <p>Ynskjer omsyn til følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • 4. Kulturminne langs traséen vert godt ivaretakne. • 5. Ny, utvida veg skal ikkje leggja til rette for auka fartsgrenser (no 50 	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Grunneigarar vert kontakta direkte i samband med grunnervervsprosess etter vedtatt reguleringsplan. • 2. Handterast i byggjeplan. • 3. Utforming av murar vert løyst i byggjeplan. • 4. Kulturminne vert ivaretake så langt det er mogleg. Dette er ein del av planprosessen og dialog med ulike høyringsinstansar. • 5. Dimensjoneringar av ny veg følgjer gjeldande vegnormalar

		<p>km/t), då dette framleis vil vera skuleveg, samt ha mange kryssingspunkt.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 6. Synes det hadde vore flott om gs-vegen hadde vore lagt på sida av elva, t.d. frå Littlebergen til Moldeklev. Dette vil gjere utmarka meir tilgjengeleg og har stor verdi for turgårar, mosjonistar og syklistar. Påpeiker at Meland manglar ein tilrettelagt turveg og at gs-veg med denne plasseringa vil verta mykje nytta. • 7. Ynskjer tilrettelegging for turgårar til Krossfjellet frå Midtsundet. 	<p>og legg opp til 60 km/t. Skilting av fartsgrense vert ikkje sett i reguleringsplan, men løysast i byggjeplan.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 6. Traséalternativ for GS-anlegg vert vurdert i planarbeidet. • 7. Vert teke til orientering.
13	Ruth Synnøve Røvik-Larsen Gnr. 25, bnr. 65 08.02.17	<p>Trekk fram nokre punkt dei ser med bekymring på og ynskjer skal takast med i vidare detaljregulering;</p> <ul style="list-style-type: none"> • 1. Eigedommen ligg allereie tett på veg og breiddeutviding og ny gs- veg vil med stort sannsyn innebera ekspropriering av areal frå deira eigedom. Dette vil innebera verdiforringing då vegen kjem tettare på bygg og vil leggja begrensing på framtidige ynskjer om å etablera betre parkeringsmoglegheiter. • 2. Noverande åtkomst til eigedom går rett frå eksisterande veg, og vil med utviding mot vest sannsynlegvis måtte re-establerast. • 3. Ynskjer støyskjerming/tilplanting. • 4. Har behov for støttemur grunna bratt terren. Ynskjer at drenering ivaretakast. • 5. Føreslår moglegheita for ein alternativ trasé for ny gs- veg vest for eigedommen, eller at ein med ei utviding av fv. 245 mot austsida av eksisterande veg til dømes kan nytta brufundament på bratte parti. 	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Grunnerverv og kompensasjon for verdiforringing blir løyst i eigen prosess. • 2. Gangtilkomst vert reetablert. Løysing for kor ein skal parkera vert løyst i planen. • 3. Støyberekingar vert ein del av planen. • 4. Behov for mur vert vurdert i planen. Teknisk løysing for mur er ein del av byggjeplan. • 5. Ein vurderer fleire alternative løysingar i planarbeidet, og innspelet vert tatt inn i vurderingane.
14	Leiv Jan Fosse Gnr. 25, bnr. 1 og gnr. 25, bnr. 17 16.02.2017	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Opplyser om at gnr. 25, bnr. 19 har avkjørsel til fylkesvegen i Fossekrysset og går inn til fellesareal ved sjøen for gardsbruka på Fosse. Meiner denne er problematisk/trafikkfarleg og må vurderast å leggjast om. • 2. Opplyser om at gnr. 25/bnr. 17 er under regulering til bustad og næringsføremål og at ein kan vurdere å leggje eit riggområde/deponi her. 	<ul style="list-style-type: none"> • 1. Avkjørsel vert lagd om i reguleringsplanen. • 2. Vert teke til orientering.

15	<p>Kristine Fluge og Haakon Aase Gnr/bnr.: 26/5, 26/17, 26/28, 26/29, 26/46, 26/72, 26/127. 16.02.2017</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Driv aktivt jordbruk på gnr. 26, bnr. 5 med tilhøyrande eigedomar. Har fleire innspel til planarbeidet: • 1. Littlebergen. Påpeiker at dette først og fremst er eit bustadområde og ikkje ei gjennomfartsåre. • 2. Vegbreidda. Kan ikkje sjå at vegbreidda det er lagt opp til kan la seg gjera utan at det gjer stor skade på tettstaden og dyrka mark. Meiner vegbreidda bør reflektere bruk. Foreslår å lage fortau, eventuelt med eit sykkelfelt i køyrebanen. Meiner i tillegg det er viktig at vegen ikkje vert laga så brei og «god» at bilistane passerer utan å ta omsyn til aktivitetane langs vegen. • 3. Fartsgrense. Ynskjer ei fartsgrense på 50 km/t gjennom tettstaden og fartsdumpar der det fell naturleg at menneske kryssar vegen. • 4. Alternativ trasé. Legg ved kart over alternativ gs-veg, som går parallelt med hovudvegen i utmarka. Traséen får då beinare strekkje for syklistane og ein tek vare på kulturminne. Meiner folk vil nytta denne aktivt til turgåing. Steingarden som ligg langs denne traséen vil måtte vølast. Foreslår alternativt å nytte vegen i Littlebergen forbi Båtforeininga og laga ny gs-veg langs sjølina mot Fosse. • 5. Avkørsel. Ynskjer at avkørsel frå hovudveg til løe og eigedomar på vestsida av vegen (26/5, 26/28, 26/29, 26/46, 26/72), som er einaste tilkomst til fjøs, utmark og eigedommar, ikkje må vera brattare eller ringare på nokon måte. • 6. Tilkomst. Legg ved kart som synar gardsdrift med naudsynzte tilkomstar. Ynskjer moglegheit til å flytte dyra på same sett som i dag og at maskinar har lett tilgjenge. Gnr. 26, bnr. 127 er eit beiteområde som dei må ha tilgang til med traktor/beitepussar, og moglegheit til å føre dyr inn og ut av området. • 7. Elvemur. Viser til vedlagt kart og ei elv med delvis tørrmura elvemur. Dei tenkjer å mura opp att skadde delar av elvemuren, men vil ikkje gå i gang før dei veit kva vegvesenet tenkjer 	<ul style="list-style-type: none"> • 1. og 2. Vert teke til orientering. Ein søker med planen å finna løysingar som tek omsyn til bumiøg og dyrka mark. Dimensjonar for ny veg følgjer gjeldande vognormalar. • 3. Fartsgrense og andre skilt ved fylkesveganlegget vert ikkje fastsett i reguleringsplan, men vert løyst i byggeplan. • 4. Ei vurdering av dette alternativet vert gjort som ein del av planarbeidet. • 5. Vert teke til orientering. • 6. Vert teke til orientering. Det skal takast særleg omsyn til drift av landbrukseigedomar. Dette skal sikrast i både plankart og føresegner. • 7. Temaet vil verte handsama i VA- rammeplan, og løysing vert skildra i planomtalen. Detaljar rundt det anleggstekniske og utfordringar med jorderosjon
----	--	--	--

		<p>her. Tidlegare vegutvidingar og endra elvelaup/manglande sikring har ført til at dette området i dag er utsett for jorderosjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> ● 8. Jordvern. Påpeiker at omsyn til jordvern må vera eit absolutt krav når vegutbetring planleggjast. Dei har allereie mist store stykke av dyrka mark og ynskjer difor ikkje at vegen skal føre til tap av matjord på deira eigedom. Vert jord grave vekk krev dei at den tilbakeførast til dei. <p>Viser til vedlagt kart. Dei leiger eit beiteområde hjå nabo, Knut Aase, gnr. 25, bnr. 1. og dersom vegen gjev for store inngrep i desse områda, mister dei verdifullt beiteområde.</p> <ul style="list-style-type: none"> ● 9 Kulturminne. Meiner det er uakseptabelt at vegarbeida skal føra til skade på jordkjellar, som er eit viktig kulturminne. Nokre parti av elvemurane er særskilte gamle medan nokre parti er av nyare dato og skriv seg frå førre vegomlegging. Visar til kart. <p>På gnr. 26, bnr. 5 er det eit kulturminne, ein tørrmura hagemur som ligg tett inn til kommunal veg. Denne fører ned til det gamle kaiområdet og til båtforeininga og vidare opp til hovudvegen att. Krev at eventuell omkjøring må organiserast utanom denne vegen for ikkje å skade muren og at sikringstiltak må iverksetjast for å hindre ulukker.</p> <ul style="list-style-type: none"> ● 10. Synfaring. Inviterer til synfaring på eigedomen. 	<p>må løysast i byggeplan, og er sikra gjennom YM-plan og føresegner.</p> <ul style="list-style-type: none"> ● 8. Jordvern er høgt prioritert gjennom planprosessen og SVV er i tett dialog med Meland kommune om dette. Ein skal og sikra mest mogleg dyrka mark gjennom ein marksikringsplan, i tillegg til at ein set krav til korleis ein skal handtera mellombels lagring av dyrka mark i anleggsperioden i reguleringsplanen sine føresegner. ● 9. Ein viktig del av planprosessen er å planleggja veg og g/s-veg etter gjeldande vegenormalar og krav gitt av fylkesvegrådet, samstundes som ein søker å ivareta andre interesser som kulturminne, vassdrag og jordvern langs med fylkesvegen. ● 10. Synfaring vart gjennomført på eigedomen 24.02.2017.
16	Aud Sølv Fosse Drengenes Gnr. 25, bnr. 11 17.02.2017	<ul style="list-style-type: none"> ● 1. Opplyser om at det er opning i rekverk ved fv. 245 der det går ein sti ned til eigedom gnr. 25, bnr. 11. Ber om at detaljreguleringa tek omsyn til eigedommen og sikrar tilkomst til denne. ● 2. Opplyser om at gnr. 25, bnr. 11 og 16 er medeigar i gnr. 25 sitt fellesareal ved Fossesjøen og ber om at fellesarealet til gardane sine interesser ivaretakast i reguleringsplanen. 	<ul style="list-style-type: none"> ● 1. Gangtilkomst vert sikra, men ikkje parkering for bil. ● 2. Vert teke til orientering.





